UNIVERSITETET I BERGEN

*Fakultet for kunst, musikk og design*

**MEDLEMMER:**

| | |
|---|---|
| Programstyreleiar | Katarzyna Julia Leikvoll, førsteamanuensis |
| Programkoordinator | Katarzyna Julia Leikvoll, førsteamanuensis |
| Vitskapeleg tilsett | Anne Skaansar, førsteamanuensis |
| Vitskapeleg tilsett | Steinar Sætre, førstelektor |
| Vitskapeleg tilsett | Anna Svingen-Austestad, førsteamanuensis |
| Studentrepresentant KD | Renate Prokopcika |
| Studentrepresentant M | Emilia Stajer |
| Programstyresekretær | Fredrik Berntsen Due |

**Møte 07/2024**

**Arkivnr: 2024/40**

# Innkalling til møte i programstyret for PPU-KMD

Onsdag 02.10.2024 kl. 09:00 – 11:00

Digitalt – Lenke er sendt på e-post

**I. Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**II. Godkjenning av protokoll frå programstyremøte 30.08.2024**

**III. Saker**

**Sak 27/24 Endring av studiestruktur, PPU-KMD**

**IV. Orienteringar**

**V. Eventuelt**

Bergen 01.10.2024

Katarzyna Julia Leikvoll
*Programstyreleder*

Fredrik Berntsen Due
*Sekretær*

UNIVERSITETET I BERGEN

*Fakultet for kunst, musikk og design*

**MEDLEMMER:**

| | | |
|---|---|---|
| Programstyreleiar | Katarzyna Julia Leikvoll, førsteamanuensis | Møtt |
| Programkoordinator | Katarzyna Julia Leikvoll, førsteamanuensis | Møtt |
| Vitskapeleg tilsett | Anne Skaansar, førsteamanuensis | Møtt |
| Vitskapeleg tilsett | Steinar Sætre, førstelektor | Ikkje møtt |
| Vitskapeleg tilsett | Anna Svingen-Austestad, førsteamanuensis | Møtt |
| Studentrepresentant KD | Renate Prokopcika | Møtt |
| Studentrepresentant M | Emilia Stajer | Møtt |
| Programstyresekretær | Fredrik Berntsen Due | Møtt |

**Møte 06/2024**

**Arkivnr: 2024/40**

## Protokoll til møte i programstyret for PPU-KMD

Fredag 30.08.2024 kl. 09:00 – 11:00

Rom: 303 – M61

**I. Godkjenning av innkalling og dagsorden**

*Godkjent*

**II. Godkjenning av protokoll frå programstyremøte 31.05.2024**

*Godkjent*

**III. Saker**

**Sak 22/24 Oppdatert møtekalender for programstyret**

*Vedtak:*
*Programstyret godkjenner forslaget om nye møtedatoar.*
*27. september flyttast til 2. oktober*
*29. november flyttast til 28. november*
*2. mai flyttast til 9. mai (OBS: kl. 12-14)*
*6. juni til 12. juni*

**Sak 23/24 Studenttal studieåret 24-25**

*Orienteringssak*

**Sak 24/24 Opptaksprosessen til PPU-KMD 2025**

*Endeleg vedtak utsettast, men det er ønskeleg med digitale intervjuar for begge, og for musikk sin del i løpet av 12.-16. mai (eventuelt veka før)*

**Sak 25/24 Deltid 2 ved redesign av PPU-KMD**

*Vedtak*

*Programstyret må utarbeide dette i det vidare arbeidet med redesign. Det er et sterkt behov for ekstra ressursar i overgangsåret for å sikre god undervising for deltid 2, og programstyret vil lage eit estimat for behovet. Eventuelle endringar for deltid 2 blir først bestemt når endeleg forslag til redesign er klart.*

**Sak 26/24 Kvalitetsarbeid PPU-KMD**

*Orienteringssak*

## IV. Orienteringar

### Status redesign

### Status for praksisplassar for neste studieår og møte med kulturskulerektorar

## V. Eventuelt

### Rekruttering

*Programstyreleiar og programstyresekretær lager eit forslag ut ifrå rekrutteringsplan frå i fjor.*

Bergen 04.09.2024

Katarzyna Julia Leikvoll
*Programstyreleder*

Fredrik Berntsen Due
*Sekretær*

UNIVERSITETET I BERGEN

*Fakultet for kunst, musikk og design*

**PROGRAMSTYRET PPU**

**Sak.nr.: 27/24** **Arkivnr: 2024/40**

**Sakstype: Vedtak** **Møte: 7 – 02.10.2024**

**Endring av studiestruktur, PPU-KMD**

## Bakgrunn

Fagmiljøet ved PPU-KMD har over en lengre jobbet med en omfattende revisjon av PPU-KMD som helhet.

Etter sammenslåingen av PPU i musikk og PPU i kunst og design har vi erfart flere utfordringer knyttet både til strukturen og innholdet i emnene. Disse var først og fremst knyttet til:

- Alle emnene går over to semestre, det vil si at fulltidsstudenter har eksamen i 4 emner i samme periode.
- Ingen av emnene bygger på hverandre, alle går parallelt. Dette gjør det umulig å ha en progresjon i studiet som helhet, med tanke på eksamenskrav, osv.
- Pedagogikk og didaktikk undervises nå av lærere som ikke har god kjennskap til hverandre sitt pensum (sammenlignet med før sammenslåingen), dette gjør undervisningen oppstykket. Fulltidsstudentene har i perioder måttet følge 4 emner ila en uke, med tilhørende pensum og arbeidskrav å følge opp, ofte med ulike temaer hver av dagene, noe som opplevdes som vanskelig å holde oversikt over.
- Hel- og deltidsstudenter følger samme undervisning. Heltid går 4 dager man-tors, deltid 1 man-tirs, mens deltid 2 ons-tors. Derfor blir det vanskelig/umulig å ha sammenheng mellom det som undervises de ulike dagene ila en uke.
- Kunstig skille mellom pedagogikk og didaktikk har vært et frustrasjonsmoment for studentene, med at innhold i eksamensarbeidene måtte tilpasses på en ofte lite hensiktsmessig måte til enten pedagogikk eller didaktikkemnet.

I løpet av årene etter sammenslåingen har vi hvert år prøvd å innføre mindre endringer i emnene for å gjøre de ovennevnte utfordringene mindre. Vi har prøvd ut blant annet:

- Blokkundervisning – pedagogikkuker og didaktikkuker, noe som gjorde at i perioder var det kun to emner å følge samtidig, og ikke fire.
- To av emnene hadde eksamen allerede i februar, for å spre arbeidsbelastningen utover hele semesteret.
- Samarbeid mellom undervisere om temaer som skal gjennomgås ila av samme uke.

Dette arbeidet har gitt noen positive resultater, samtidig som vi så behovet for å gjøre mer grundige endringer (også anbefalt av ekstern fagfelle).

## Til saken

Etter en grundig gjennomgang av utfordringene (ved hjelp av blant annet 5-årig evaluering, tre omfattende rapporter fra ekstern fagfelle og flere studentevalueringer) og mulighetene, har fagmiljøet bestemt å gjennomføre følgende endringer:

**Innføre fire nye emner med nytt innhold, med blanding av pedagogikk og didaktikk:**
**PPU 1, PPU 2, PPU 3 og PPU 4**
Dette lar undervisere:

1. gå gjennom de samme temaene mer generelt (pedagogikk) og mer spesifikt (KD og MU didaktikk) i løpet av samme uke og samme emne
2. gjøre innholdet mer lik for KD og MU studentene
3. innføre eksamensordning på tvers av MU og KD (i hovedsak 4 eksamener istedenfor 6, men praktisk og muntlig eksamen må fortsatt deles).

**Alle emnene går over ett semester**.
Dette gjør det mulig:

1. å gjennomføre to av eksamenene i høstsemesteret
2. for studentene å (lettere) ta permisjon og komme tilbake
3. å se emnet som en konsentrert helhet med pedagogisk, didaktisk og metodisk innhold som utfyller hverandre og vurderingsmåter som kan tilpasses
4. at våremnene kan bygge på høstemnene
5. at faglig ansatte kan få mer konsentrerte undervisningsperioder og forskningsperioder.

**Hvert emne har en «tilhørende» praksistype**, som er en ledetråd i innholdet i emnet og i vurderingsdesignet. Dette gjør praksisnærhet av undervisningen mer synlig.

**Det blir fire emner istedenfor dagens seks**

Delingen mellom fellesundervisning (pedagogikk) og delt undervisning (MU og KD didaktikk) opprettholdes i tilnærmet samme form og mengde, men nå innen samme emne. Dette gjør det mulig å synliggjøre forskriftskravet om 30sp pedagogikk og 30sp fagdidaktikk i studiet, samt gir studentene et attraktivt studietilbud som er godt tilpasset til deres tidligere utdanning, forventninger og interesser, og som gjør PPU-KMD tydelig profilert mot kunstnere, designere og musikere. I tillegg gir det PPU-KMD et særpreg, med en helhetlig undervisning, der ALT innhold er spesielt godt tilpasset målgruppen.

**Nye LUB formuleres i tråd med anbefalingene fra ekstern fagfelle,** med bedre sammenheng mellom program- og emnenivå og tydelige rammer for innhold, samt best mulig tilpassede obligatoriske arbeidskrav og vurderingstyper.

**Praksis**

Fagmiljøet ser på løsninger som kan gjøre det enklere å tilpasse praksis den enkeltes ønsker. Forskriften setter visse krav til mengde praksis i grunnskolen og videregående skole, men innenfor rammene vil vi åpne opp for en friere fordeling av praksisperioder, gjerne med hovedvekt på kulturskolen for de som ønsker det. Sammenslåing av flere praksistyper, der en student følger sin praksislærer på flere praksisarenaer (kulturskole, vgs, ensemble i MU) vurderes også som en mulighet for å gjøre praksisperioden mest mulig relevant for studentene. Vi mener dette er med på å løfte frem særpreget med vår PPU.

**Deltid 2 studenter i overgangsåret**

En så omfattende endring i strukturen og innholdet av emnene vil gjøre det nødvendig å bruke ekstra ressurser på deltid 2 studenter, som skal følge den gamle progresjonen studieåret 2025/2026.

Det finnes ulike måter å sikre at deltid 2 studenter får all den undervisningen de har krav på. Det vi tror kan være mest praktisk er at de følger deler av undervisningen i de nye emnene, der innholdet samsvarer med de gamle emnene MUDI202, KDDI202 og KMDPED202. Stoffet som nå blir flyttet til dager der de ikke kan delta i undervisningen, kan undervises f.eks. noen fredager i løpet av semesteret, og/eller på et par helgesamlinger hvert av semestre

Dette kan planlegges i dialog med de aktuelle studentene og tidspunktene kan tilpasses til deres ønsker og muligheter. Vi planlegger å invitere dem til et informasjonsmøte så snart revisjonen blir endelig vedtatt av IRGA og fakultetsstyret.

**Ressurser**

Den nye strukturen vil ikke kreve flere ressurser, verken når det gjelder undervisning, veiledning eller vurdering. Overgang fra seks til fire emner kan på sikt gi noen besparelser. Samtidig vil vi understreke at behovet for delt undervisning i didaktikk og metodikkrelaterte temaer blir like stort som før. Studentene er tydelige på at den spisse fagdidaktiske undervisningen er svært viktig for nivået av deres tilfredshet med studiet som helhet, og for opplevd relevans av utdanningen. Denne tydelige kunstfagdidaktiske profileringen anser vi også som et viktig rekrutteringstiltak. Vi planlegger derfor å gjennomføre halvparten av undervisningen på tvers av kunst, musikk og design, og halvparten delt og direkte knyttet til studentenes kunstfaglige kompetanse, på samme måte som tidligere.

I grove trekk er dette forslaget om oppbygning av studiet:

**Fulltid**

1. semester:

- PPU1
- PPU3
- MUPRA210 Praksis for PPU musikk *eller* KDPRA210 Praksis for PPU kunst og design

2. semester:

- PPU2
- PPU4
- MUPRA210 Praksis for PPU musikk *eller* KDPRA210 Praksis for PPU kunst og design

**Deltid**

1. semester:

- PPU1
- MUPRA211 Praksis for PPU musikk *eller* KDPRA211 Praksis for PPU kunst og design
- 

2. semester:

- PPU2
- MUPRA211 Praksis for PPU musikk *eller* KDPRA211 Praksis for PPU kunst og design

3. semester:

- PPU3
- MUPRA211 Praksis for PPU musikk *eller* KDPRA211 Praksis for PPU kunst og design

4. semester:

- PPU4
- MUPRA211 Praksis for PPU musikk *eller* KDPRA211 Praksis for PPU kunst og design

Se vedlegg for fullstendig studieplan og emneplaner for hvert enkelt emne.

**Forslag til vedtak**

Programstyret godkjenner forslaget om ny studiestruktur, og sender forslaget vidare for godkjenning i IRGA.

Katarzyna Julia Leikvoll
Programstyreleiar

Fredrik Berntsen Due
programstyresekretær

| Kategori | Studieplan | PPU1 | PPU2 | PPU3 | PPU4 |
|---|---|---|---|---|---|
| **Emnekode** | PPU-KMD | KMDPPU1 | KMDPPU2 | KMDPPU3 | KMDPPU4 |
| **Namn på emnet, nynorsk** | Praktisk-pedagogisk utdanning i kunst, musikk og design | Praktisk pedagogisk utdanning 1 | Praktisk pedagogisk utdanning 2 | Praktisk pedagogisk utdanning 3 | Praktisk pedagogisk utdanning 4 |
| **Namn på emnet, bokmål** | Praktisk-pedagogisk utdanning i kunst, musikk og design | Praktisk pedagogisk utdanning 1 | Praktisk pedagogisk utdanning 2 | Praktisk pedagogisk utdanning 3 | Praktisk pedagogisk utdanning 4 |
| **Namn på emnet, engelsk** | Post Graduate Certificate in Education in Fine Art, Music and Design | Post Graduate Certificate in Education in Fine Art, Music and Design | Post Graduate Certificate in Education in Fine Art, Music and Design | Post Graduate Certificate in Education in Fine Art, Music and Design | Post Graduate Certificate in Education in Fine Art, Music and Design |
| **Studiepoeng, omfang** | 60 | 15 | 15 | 15 | 15 |
| **Fulltid/deltid** | Fulltid, deltid | Fulltid, deltid | Fulltid, deltid | Fulltid, deltid | Fulltid, deltid |
| **Undervisingsspråk** | Norsk | norsk | norsk | norsk | norsk |
| **Undervisingssemester** | Start -haust | Haust | Vår | Haust | Vår |
| **Undervisingsstad** | Teoriundervising på campus (Ga og M61). Praksis primært i Bergensområdet. | | | | |
| **Mål og innhald** | Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) ved Fakultet for kunst, musikk og design (KMD) er eit årsstudium som gir formell undervisingskompetanse i faga kunst, musikk eller design. Studiet bygger på fullført BA i utøvande og skapande musikk, komposisjon, kunst og design.<br><br>Utdanninga har eit omfang på 60 studiepoeng og vert tilbydd både som fulltidsstudium over eit år og deltidsstudium over to år. PPU ved KMD byggjer på Forskrift om rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning, fastsett av Kunnskapsdepartementet 21.12.2015 og Nasjonale retningslinjer for PPU-A, fastsett av Nasjonalt råd for lærarutdanning 16.2.2017.<br><br>Praktisk-pedagogisk utdanning kvalifiserer for undervisingsarbeid i grunnskule, vidaregåande opplæring og kulturskule. I tillegg kvalifiserer utdanninga for undervising og formidling på andre relevante og aktuelle læringsarenaer.<br><br>Utdanninga omfattar pedagogikk, fagdidaktikk og praksis. Pedagogikkundervising er felles. Det vert gjeve fagspesifikk undervising i musikkdidaktikk og kunst- og designdidaktikk. Praksis kan gjennomførast i samanhengande periodar i grunnskulen sitt 5.-10. trinn, den vidaregåande skulen, kulturskulen og på andre relevante praksisarenaer.<br><br>Undervisinga er fagleg forankra i dei samansette arbeids- og kunnskapsformene som kunstnarar, musikarar og designarar praktiserer. | **Mål**<br><br>Emnet har som mål å gje studentane kunnskap om barn og unge i utvikling og læring, med særleg fokus på grunnskule og andre relevante kunstpedagogiske verksemder.<br>Emnet skal medverke til at studentane får innsikt i prosessen det er å planlegge, legge til rette, tilpasse, vurdere og reflektere over undervising i musikk eller kunst- og designfag.<br>Studentane skal tileigne seg kunnskap om sentrale aspekt ved læringsprosessar, og kunne reflektere over samanhengen mellom eigen kunnskap, undervising og elevane si læring. Med utgangspunkt i kjennskap til og forståing for skulen som organisasjon og formelle rammer for utdanning i Noreg, gjev emnet studentane reiskapar for planlegging, gjennomføring og vurdering av undervising, først og fremst i grunnskulen, trinn 5-10.<br><br>**Innhald**<br>Emnet tek opp tema som:<br>- Læring, utvikling og motivasjon.<br>- generell didaktikk, undervisingsplanlegging, vurdering og dybdelæring.<br>- klasseleiing og læringsfellesskap.<br>- Endringar i skule, samfunn og profesjonsforståing<br>- Aktuelle lov- og planverk og deira historikk<br>- Didaktisk relasjonstenking og fagdidaktiske tradisjonar<br>- Didaktisk lab. i relevante kunstfag (Kunst og Design)<br>- Rytmisk musikkpedagogikk og komposisjon i klasserommet (Musikk) | **Mål**<br><br>Emnet har som mål å skapa eit samfunnsorientert, kritisk og etisk grunnlag for utøving av lærarrolla i dag. Emnet dannar grunnlag for kunstfagleg handlingskompetanse i ulike kontekstar, der omgrepa danning, mangfald og etikk er sentrale omdreiingspunkt. Konkret estetisk praksis, eksempel og kasus bidreg til utvikling av refleksjon. Individuelle, kollektive og studentaktive arbeidsmåtar er ein sentral del av emnets innhald.<br><br>Emnet gjer innsikt i korleis pedagogiske og didaktiske omgrep og perspektiv kan medverke til refleksjon og problematisering knytt til kunstfaglege praksisar og deira grunngjeving. Diskusjon og drøfting omkring skulen sitt samfunnsmandat og verdigrunnlag står sentral i emnet. Innsikt i og kritisk refleksjon omkring kunnskapsformer og vurderingspraksisar i kunstfag er òg viktige moment, og sjåast i samanheng med omgrep som normativitet og makt. Vekslinga mellom teori og praksis dannar utgangspunkt for medvit om og grunna val for utvikling av eigen praksis som lærer, med særskilt fokus knytt til vidaregåande skule og andre pedagogiske verksemder i tråd med kvar student si studieretning.<br><br>**Innhald**<br>Emnet tek opp tema som:<br>- kunstfagleg praksis i vidaregåande skule og andre verksemder<br>- skulen sitt samfunnsmandat og verdigrunnlag<br>- danning i ulike kunstfaglege kontekstar<br>- mangfald, t.d. urfolksperspektiv | **Mål**<br><br>Emnet har som mål å gje studentane kunnskap om elevanes utvikling av sosial kompetanse, knytt til gruppeprosessar, rettleiing og tilpassa opplæring. Emnet fokuserer på kunstdidaktiske praksisar i grunnskule og kulturskule.<br>Studentane skal tileigne seg kunnskap om sentrale aspekt ved læringsprosessar i kunstfaga, og kunne reflektere over samanhengen mellom eigen kunnskap, undervising og elevane si læring.<br>Emnet skal skape forståing for kunstnariske uttrykk si tyding og potensiale, som kjelde for erfaringar, oppleving og læring.<br><br>**Innhald**<br>Emnet tek opp tema som:<br>- Læringsprosessar i kunst, design og musikk.<br>- Didaktikk for kulturskulen.<br>- Didaktisk lab. for kunst/design og musikk<br>- Instrumentaldidaktikk (musikk)<br>- Rettleiing<br>- Tilpassa opplæring<br>- Språk og kommunikasjon<br>- Sosial kompetanse og relasjonar, her under også konflikt og mobbing.<br>- Barn og unge i vanskelege livssituasjonar | **Mål**<br><br>Emnet har som mål å gi studentane ei solid pedagogisk og didaktisk forståing som førebur dei på å undervise og reflektere over læringsprosessar i kunst- og musikkpedagogiske praksisar. Emnet skal fremje studentane si evne til å tilpasseundervisninga til ulike sosiale og kulturelle kontekstar, og bidra til utvikling av profesjonell kompetanse som inkluderer kritisk refleksjon og etiske vurderingar knytt til utdanninga si rolle i samfunnet<br><br>**Innhald**<br>Emnet tek opp tema som:<br>- Pedagogisk grunnlagstenking<br>- Nyare perspektiv på pedagogikk<br>- Demokrati, deltaking og fellesskap<br>- Digitalitet<br>- Identitetsutvikling og perspektiv på kjønn<br>- Barne- og ungdomskultur<br>- Kunstfagpedagogikk<br>- Estetikk i pedagogikken<br>- Estetikk og læring<br>- Visuell kultur i skulen (Kunst og Design)<br>- Didaktisk lab (Kunst og Design)<br>- Musikkpedagogisk grunnlagstenking (musikk)<br>- Nyare perspektiv på musikkpedagogikk (musikk)<br>- Ensembledidaktikk (musikk) |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | Fagdidaktikk handlar her om alle tilhøve som vedkjem undervising og læring i utøvande/skapande musikk eller kunst og design. Undervising i fagdidaktikk gir grunnlag for å planlegge, gjennomføre, vurdere og reflektere kring undervisingspraksis; tufta på forsking, kunstfagleg utviklingsarbeid, erfaringskunnskap og teori.<br><br>Didaktisk kompetanse inneber kunnskapar og ferdigheiter i det å planlegge, gjennomføre og vurdere opplæring. Dette føreset mellom anna evne til å analysere og reflektere omkring mål for opplæringa, innhald i læreplanar, elevføresetnader, vurdering og rammene for undervisinga.<br><br>Pedagogikk handlar om korleis vi lærer og utviklar oss i samspel med kultur og samfunn. Kjernen i faget er læring, undervising og danning. Undervisinga i pedagogikk gir forståing for eleven, lærarrolla og skulen sitt samfunnsmandat og dannar grunnlaget for utviklinga av eigen læraridentitet.<br><br>Undervisinga i PPU skal vere profesjonsretta, forskings- og utviklingsbasert og engasjere studenten i vitskapelege og kunstfaglege arbeidsformer og i kritisk tenking.<br><br>Dei fire obligatoriske emna PPU1, PPU2, PPU3 og PPU4 er felles for alle studentane og inneheld både undervising i pedagogikk og didaktikk. Undervisinga i pedagogikk er felles, mens undervisinga i didaktikk er delt i musikk og kunst/design.<br><br>Omgrepa «kunst» / «kunstfag» eller liknande, er brukt som samla omgrep for kunst, musikk og design dersom det ikkje er særleg spesifisert at det gjeld for berre ein av fagretningane.<br><br>Studentane har minimum 60 dagar praksis. Sjå eigne emneplanar for praksis | | - kunnskapsformer og vurderingspraksisar i kunstfag<br>- profesjonsetikk | | |
| **Læringsutbytte** | Kandidaten skal ved avslutta program ha følgande læringsutbyte:<br><br>Kunnskap<br>Studenten.. | Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbyte:<br><br>Kunnskap<br>Studenten...<br><br>1. har god kunnskap om gjeldande lov- og planverk med særleg vekt på | Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbyte:<br><br>Kunnskap<br>Studenten...<br><br>1. har god kunnskap om skulen sitt samfunnsmandat, slik det er gitt i | Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbyte:<br><br>Kunnskap<br>Studenten...<br><br>1. har brei kunnskap om kunst og design, eller musikk som undervisningsfag, | Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbyte:<br><br>Kunnskap<br>Studenten...<br><br>1. har djup fagdidaktisk og pedagogisk kunnskap for relevante |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | 1. har djup fagdidaktisk og pedagogisk kunnskap for relevante kunstpedagogiske praksisar<br><br>2. kjenner mandata og verdigrunnlaga til skulen og andre arenaer for kunstopplæring<br><br>3. har god kunnskap om gjeldande lov- og planverk, og evne til å halde seg oppdatert<br><br>4. har kunnskap om barne- og ungdomskultur<br><br>5. har god kunnskap om utviklinga og læringa til barn og ungdom i ulike sosiale og kulturelle samanhengar<br><br>6. har kunnskap om korleis kunstfag er knytt til identitetsskapinga hjå barn og unge<br><br>7. har god kunnskap om undervising og læring i grunnskule, kulturskule, vidaregåande opplæring, og i andre relevante kunst- og musikkpedagogiske verksemder<br><br>8. har kunnskap om barn og unge i vanskelege livssituasjonar, medrekna kunnskap om vald og seksuelle overgrep<br><br>9. har kunnskap om og forståing for eit felles verdigrunnlag om demokrati, kulturelt og sosialt mangfald, berekraftig utvikling, likestilling og likeverd | grunnskulen<br><br>2. har god kunnskap om utviklinga og læringa til barn og ungdom i ulike sosiale og kulturelle samanhengar<br><br>3. Har god kunnskap om motivasjonsprosessar og deira påverkingsfaktorar<br><br>4. har god kunnskap om planlegging og gjennomføring av undervising i grunnskule og andre relevante kunstpedagogiske verksemder (t.d. kulturskule).<br><br>5. spesialisert fagdidaktisk kunnskap om grunnskule som læringsarena og relevante undervisingspraksisar i kunstfagleg hovuddisiplin | aktuelle lov- og planverk og kjenner mandata og verdigrunnlaga til andre arenaer for kunstopplæring<br><br>2. har kunnskap om og innsikt i pedagogiske og didaktiske kjerneomgrep som danning, sosialisering og subjektivering i ulike kunstfaglege kontekstar<br><br>3. Ha innsikt i og kunnskap om perspektiv og haldepunkt som fremjer inkludering og mangfald i kunstfagpedagogiske arenaer<br><br>4. Ha innsikt i og kunnskap om urfolksperspektiv og -pedagogikk, med særleg fokus på samiske forhold<br><br>5. har innsikt i og kjennskap til historiske og kunnskapsteoretiske perspektiv på kunstfaga, ulike former for kunnskap og ulike tilnærmingar til vurdering i kunstfaga<br><br>6. har god kunnskap om profesjonsetikk og ulike tilnærmingar til etikk<br><br>7. kjenner til omgrep som normativitet og refleksivitet i ljos av pedagogiske og didaktiske praksisar<br><br>8. har spesialisert fagdidaktisk kunnskap om vidaregåande skule og har kunnskap om formidling i museum og galleri (Kunst og design)<br><br>9. har spesialisert fagdidaktisk kunnskap om vidaregåande skule og har kunnskap om ulike musikkpedagogiske verksemder (Musikk) | inkludert tydinga, relevansen og verdien til faget, både i grunnskulen, kulturskulen, og i andre kunstpedagogiske samanhengar.<br><br>2. skal kunne identifisere og greia ut om sentrale aspekt ved sosiale og faglege læringsprosessar i kunst og design eller musikk, med særleg fokus på grupper.<br><br>3. skal kunne forklare prinsippa for tilpassa opplæring og reflektere over korleis dette kan nyttast i kunst- og design-, eller musikkundervising.<br><br>4. er medveten om korleis kunstnariske uttrykk kan brukast som verktøy for læring og utvikling hos eleven/elevane<br><br>5. har kunnskap om barn og unge i vanskelege livssituasjonar. | kunstpedagogiske praksisar<br><br>2. har kunnskap om barne- og ungdomskultur<br><br>3. har god kunnskap om utviklinga og læringa til barn og ungdom i ulike sosiale og kulturelle samanhengar<br><br>4. har kunnskap om korleis kunstfag er knytt til identitetsskapinga hjå barn og unge<br><br>5. har god kunnskap om undervisning og læring i vidaregåande opplæring og andre relevante kunst- og musikkpedagogiske verksemder<br><br>6. har kunnskap om og forståing for eit felles verdigrunnlag om demokrati, berekraftigutvikling, likestilling og likeverd |
| | Dugleikar<br>Studenten..<br><br>1. kan, med utgangspunkt i gjeldande læreplanar og vedtekter, planlegge, gjennomføre, vurdere, og reflektere over undervising; tufta på forsking, kunstfaglege utviklingsarbeid og erfaringskunnskap<br><br>2. kan skape gode læringssituasjonar; kjenneteikna ved dialog, toleranse, respekt og omsorg for elevane<br><br>3. kan leie og legge til rette for variert og differensiert undervising, som fører til | Dugleikar<br>Studenten...<br><br>1. kan, med utgangspunkt i gjeldande læreplanar og vedtekter, planlegge, gjennomføre, vurdere, og reflektere over undervising i grunnskulen og andre relevante kunstpedagogiske verksemder; tufta på forsking, kunstfaglege utviklingsarbeid og erfaringskunnskap<br><br>2. kan på en medveten måte leie og legge til rette for variert og differensiert undervising i grunnskule og andre relevante kunstpedagogiske | Dugleikar<br>Studenten..<br><br>1. kan analysere og drøfte utfordringar i læreplanar og andre styringsdokument og sjå desse i ljos av skulen sitt danningsoppdrag.<br><br>2. kunne utforske, anvende og reflektere over perspektiv knytt til å skape mangfaldige og inkluderande miljø i kunstfaglege praksisar.<br><br>3. kunne planlegge og vise medvit omkring kunnskapsteoretiske | Dugleikar<br>Studenten...<br><br>1. kan planleggje, gjennomføre og evaluere kunst- og design-, eller musikkundervising som tek vare på både teoretiske og praktiske dimensjonar.<br><br>2. kan rettleie elevane i kunstfaglege og sosiale læringsprosessar i individuelt og i grupper, kjenneteikna ved dialog, toleranse, respekt og omsorg. | Dugleikar<br>Studenten...<br><br>1. kan, med utgangspunkt i gjeldande læreplanar og vedtekter, planleggje, gjennomføre, vurdere og reflektere over undervising i vidaregåande opplæring og andre relevantekunst- og musikkpedagogiske verksemder<br><br>2. har medvit om spørsmål knytt til medborgarskap i utøvande og skapande undervisning og læring<br>3. kan byggje relasjonar til elevar og føresette, og samarbeide med aktørar som er relevante for skuleverket |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | gode kunstfaglege og sosiale læringsprosessar.<br><br>4. kan praktisere fleirkulturell forståing og toleranse for mangfald, og har medvit om spørsmål knytt til medborgarskap i utøvande og skapande undervising og læring<br><br>5. kan skildre kjenneteikn på kompetanse, kan vurdere og dokumentere elevar si læring, og gje tilbakemeldingar som fremmar læring og medverkar til at elever kan reflektere over eiga læring<br><br>6. kan bygge relasjonar til elevar og føresette, og samarbeide med aktørar som er relevante for skuleverket | verksemder, som fører til gode læringsprosessar, med fokus på skapande arbeid.<br><br>3. Kan skape eit meistringsorientert læringsmiljø i klasserommet ved å aktivt ta i bruk relevante motivasjonsteoriar<br><br>4. kan skildre kjenneteikn på elevar sin kompetanse<br><br>*5.* kan vurdere og dokumentere elevar si læring, og kommunisere vurderingsarbeidet som fremmar læring og medverkar til at elever kan reflektere over eiga læring | perspektiv i grunngjeving av val i kunstfaga.<br><br>4. kunne eksperimentere med og reflektere over måte å vurdere på<br><br>5. kan identifisere, analysere og drøfte relevante profesjonsetiske problemstillingar. | 3. syner evne til å tilpasse undervisinga etter elevens behov og forutsetningar.<br><br>4. kan leie og leggje til rette for variert og differensiert undervising.<br><br>5. kan leggje til rette for at kunstnariske uttrykk kan brukast som kjelde til inspirasjon og læring for elevar. | |
| | Generell kompetanse<br>Studenten..<br><br>1. kan formidle kunstpedagogiske og kunstfagdidaktiske problemstillingar på eit avansert nivå<br><br>2. har ei profesjonell haldning, og kan reflektere kritisk over kunstfaglege, profesjonsetiske og utdanningspolitiske spørsmål<br><br>3. kan med stor grad av sjølvstende vidareutvikle eigen kompetanse og medverke i utviklinga til kollegaar, skular og andre kunstpedagogiske felt | Generell kompetanse<br>Studenten...<br><br>1. kan med stor grad av sjølvstende vidareutvikle eigen kompetanse og medverke til den kunstfaglege utviklinga i grunnskulen og andre relevante kunstpedagogiske verksemder. | Generell kompetanse<br>Studenten...<br><br>1. kan orientere seg i faglitteratur, kan identifisere, undersøke, analysere og kritisk drøfte problemstillingar knytt til skulen og utøving av lærarrolla i ulike kontekstar, åleine og i grupper<br><br>2. kan med stor grad av sjølvstende problematisere og vidareutvikle kunnskap innanfor lærarprofesjonen og utvikle sin eigen kunstfaglege praksis | Generell kompetanse<br>Studenten...<br><br>1. skal kunne reflektere over samanheng mellom eigen kunstdidaktisk praksis og elevanes sosiale og faglege læringsprosessar, og bruke denne innsikts til å forbetre og vidareutvikle kunstundervisinga. | Generell kompetanse<br>Studenten...<br><br>1. har ei profesjonell haldning, og kan reflektere kritisk over kunstfaglege, profesjonsetiske og utdanningspolitiske spørsmål |
| **Opptakskrav** | Du søker opptak til Fakultet for kunst, musikk og design.<br><br>Søknadsfristen er 15. april. Du søker via Søknadsweb<br><br>Ved opptak til praktisk-pedagogisk utdanning ved KMD må du ha ein bachelorgrad i utøvande eller skapande kunstfag i finansieringskategori A eller B, med minimum 180 studiepoeng i kunstfaget.<br><br>Studentar på bachelorprogrammet i utøvande musikk eller komposisjon ved Griegakademiet kan ta PPU som ein integrert del av bachelorgraden over 3. og 4. år.<br><br>Sjå her for utfyllande informasjon om søknad og opptak | | | | |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| **Obligatoriske Emne** | Fire emne er obligatorisk for alle studentane på PPU-KMD:<br>- PPU1<br>- PPU2<br>- PPU3<br>- PPU4<br><br>I tillegg kjem emne for fagspsifikk praksisopplæring (ut ifrå studieretning og heiltid/deltid):<br>- KDPRA210 Praksis for Praktisk-pedagogisk utdanning, kunst og design (heiltid)<br>- KDPRA211 Praksis for Praktisk-pedagogisk utdanning, kunst og design (deltid)<br>- MUPRA210 Praksis for Praktisk-pedagogisk utdanning, musikk (heiltid)<br>- MUPRA211 Praksis for Praktisk-pedagogisk utdanning, musikk (deltid) | | | | |
| **Rekkefølgje i emne for studiet** | **Fulltid**<br>1. semester:<br>• PPU1<br>• PPU3<br>• MUPRA210 Praksis for PPU musikk *eller* KDPRA210 Praksis for PPU kunst og design<br><br>2. semester:<br>• PPU2<br>• PPU4<br>• MUPRA210 Praksis for PPU musikk *eller* KDPRA210 Praksis for PPU kunst og design<br>**Deltid**<br>1. semester:<br>• PPU1<br>• MUPRA211 Praksis for PPU musikk *eller* KDPRA211 Praksis for PPU kunst og design<br>•<br>2. semester:<br>• PPU2<br>• MUPRA211 Praksis for PPU musikk *eller* KDPRA211 Praksis for PPU kunst og design<br><br>3. semester:<br>• PPU3<br>• MUPRA211 Praksis for PPU musikk *eller* KDPRA211 Praksis for PPU kunst og design<br><br>4. semester:<br>• PPU4 | | | | |

| | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | • MUPRA211 Praksis for PPU musikk *eller* KDPRA211 Praksis for PPU kunst og design | | | | |
| **Krav til studierett** | | Studierett på Praktisk-pedagogisk utdanning i kunst, musikk og design. | Studierett på Praktisk-pedagogisk utdanning i kunst, musikk og design. | Studierett på Praktisk-pedagogisk utdanning i kunst, musikk og design. | Studierett på Praktisk-pedagogisk utdanning i kunst, musikk og design. |
| **Arbeids- og undervisingsformer** | Undervisinga omfattar fellesundervisning, smågruppeundervising, seminar, workshop, individuell rettleiing og kontinuerleg rettleia praksisopplæring. Studentaktive arbeids- og undervisingsformer vert vektlagde.<br><br>Fellesundervisninga i pedagogikk og didaktikk er på dagtid. Praksis følgjer timeplan til tildelt praksislærar og kan difor gjennomførast på dag- og kveldstid, men og i helger i samband med konsertar og prosjekt.<br><br>Praksisopplæringa omfattar arbeidsinnsats tilsvarande 60 arbeidsdagar og skal ha kontinuerleg rettleiing i autentiske yrkessituasjonar med elevar. Praksis skal vere allsidig, med stigande krav til sjølvstende og ansvar, frå observasjon via medlærarpraksis til sjølvstendig undervising. Opplæringa kan vere individuell, i par eller i grupper, og vil samla omfatte einskildelevar og ulike grupperingar i både obligatorisk skule og sjølvvald opplæring. Erfaringar frå praksis skal studentane drøfte og reflektere over skriftleg og munnleg i arbeidet med pedagogikk og fagdidaktikk. | Undervisinga vert gitt i form av forelesingar, seminarundervisning, gruppearbeid, verkstader, utøvande verksemd, diskusjonar og presentasjonar. I emnet vert det lagt vekt på studentaktive arbeids- og undervisingsformer - i forelesingar, i arbeids-/ ideutviklingsverkstader, i gruppearbeid og individuelt. | Undervisinga vert gitt i form av forelesingar, seminarundervisning, gruppearbeid, verkstader, utøvande verksemd, diskusjonar og presentasjonar. I emnet vert det lagt vekt på studentaktive arbeids- og undervisingsformer - i forelesingar, i arbeids-/ ideutviklingsverkstader, i gruppearbeid og individuelt. | Undervisinga vert gitt i form av forelesingar, seminarundervisning, gruppearbeid, verkstader, utøvande verksemd, diskusjonar og presentasjonar. I emnet vert det lagt vekt på studentaktive arbeids- og undervisingsformer - i forelesingar, i arbeids-/ ideutviklingsverkstader, i gruppearbeid og individuelt. | Undervisinga vert gitt i form av forelesingar, seminarundervisning, gruppearbeid, verkstader, utøvande verksemd, diskusjonar og presentasjonar. I emnet vert det lagt vekt på studentaktive arbeids- og undervisingsformer - i forelesingar, i arbeids-/ ideutviklingsverkstader, i gruppearbeid og individuelt. |
